

Breim Bygdeutviklingslag

v/Reiel Felde

6826 Byrkjelo

Byrkjelo 23.03.2010

Til Gloppen kommune:

Gloppen/Jølster som deltakarar i prosjektet: *Naturarven som verdiskapar*

Breim Bygdeutviklingslag viser til Miljøverndepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet si felles pressemelding 17.02.2010 om opptak av nye område i prosjektet *Naturarven som verdiskapar*.

Vi ber med dette om at Gloppen kommune tek initiativ til å sende søknad.

Bakgrunn:

I pressemeldinga til departementa

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/md/pressester/pressemeldinger/2010/Naturarven-som-verdiskaper.html?id=593525>

heiter det m.a. at:

“Regjeringen bevilget 25 millioner kroner til verdiskapingsprogrammet “Naturarven som verdiskaper” for 2010, en økning på 15 millioner fra 2009. Programmets mål er å øke verdien av verneområder og andre naturområder med spesielle kvaliteter.

Midlene skal brukes til å legge grunnlaget for en sosial, kulturell og miljømessig og økonomisk verdiskaping. Dette skal bidra til at verneområdene og andre viktige naturområder blir en viktig ressurs i samfunnsutviklingen.

- Regjeringen vil legge bedre til rette for turister og besøkende i og rundt store verneområder. Slik kan naturvernet bidra til en sterkere verdiskaping i distriktene, sier miljø- og utviklingsminister Erik Solheim.

- Utviklingspotensialet er stort. Det er mange moglegheiter for inntekter frå aktivitetar rundt verneområde og andre viktige naturområde, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Naturarven som verdiskaper ønsker å supplere de ti hovedprosjektene som nå er med i programmet med inntil fem nye hovedprosjekter. De nye prosjektene skal

utfylle de ti prosjektene som allerede er med i programmet, både i forhold til tema og geografi. Det er meningen at disse nye prosjektene skal følge programmet resten av perioden (2009-2013). Det legges ikke opp til at det blir flere hovedprosjekter i løpet av programperioden.

Programmet ønsker å knytte til seg flere prosjekter i fjellområder. Det er også ønskelig med prosjekter som inkluderer truede arter. Prosjekter med fokus på kombinasjonen natur- og kultur, høsting og fangst er av interesse. Vi vil også vektlegge å få fram gode eksempler på hvordan nasjonalparksentre og andre naturinformasjonssentre kan samvirke med lokale aktører for å få til verdiskaping. Programmet skal støtte tiltak det er vanskelig å få midler til fra andre kilder.”

Breim Bygdeutviklingslag hadde som kjent *Naturbasert reiseliv for alle* som hovudtittel for vår deltaking i det fylkeskommunale bygdeutviklingsprogrammet (2005-2008). Deltaking i dette nasjonale prosjektet vil for oss vere ei naturleg vidareføring.

Vi syner til Gloppen kommunestyre sitt vedtak 01.03.2010 om inntil 4 samarbeidsprosjekt med Jølster kommune med tema:

- ”1. Reiseliv ”Landet mellom breane”*
- 2. Fornybar energi ”Småkraft i stor skala”*
- 3. Landskapsvern og kulturlandskap (fornuftig bruk av verneområda og aktiv bruk av resten av arealet)*
- 4. Bulyst ”Tilflytting og tilbakeflytting””*

<http://www.gloppen.kommune.no/innsyn6/wfdocument.aspx?journalpostid=2010001000&dokid=127151&versjon=3&variant=P&ct=RA-PDF>

Vi syner også til samrøystes vedtak på same møtet om deltaking i forvaltning av landskapsvern- og nasjonalparkområda som Gloppen er del av:

”Gloppen kommunestyre ønskjer å delta i forvaltninga av verneområda som omfattast av verneplanane for:

- Naustdal - Gjengedal landskapsvernområde*
- Ålfotbreen landskapsvernområde*
- Jostedalsbreen nasjonalpark.*

gjennom politisk deltaking i verneområdestyret for kvart område

- 2. Ordførar blir oppnemnd som medlem i forvaltningsstyra med varaordfører som vara.”*

<http://www.gloppen.kommune.no/innsyn6/wfdocument.aspx?journalpostid=2010000999&dokid=127278&version=3&variant=P&ct=RA-PDF>

At prosjekt 1 og 3 ovanfor vil vere naturleg å ha med i ein søknad til det nasjonale prosjektet er sjølsagt.

Breim Bygdeutviklingslag meiner imidlertid at også prosjekta 2 (småkraft i stor skala) og 4 (bulyst/tilflytting/tilbakeflytting) bør vere delprosjekt i ein søknad.

Kvifor bulyst/til- og tilbakeflytting som del av Naturarv-prosjekt?

Avisa Firda hadde 6.mars 2010 intervju med 100 av ungdommane som hadde vore innom fylket sine "tilbakeflyttingsmesser" i storbyane. Journalist Karin Flølo oppsummerte i sin kommentar at opplevingane frå barne- og ungdomsåra truleg var avgjerande for om dei ville vende attende – det er ikkje nok at det einaste dei hugsar er då dei hang ved Esso-stasjonen:

– Drit i kaffe latte og hippe kafear. Kven vil flytte heim til Sogn og Fjordane når det dei hugsar er då dei hang ved Esso-stasjonen?

Heime bra, men borte best?



Karin Flølo
Journalist

Utsegna til ein engasjert ungdomsarbeidar for litt sidan dukkar opp i hovudet mens eg skriv ned intervju med utflytte ungdommar frå jobb-messer i Bergen og Oslo. Ungdomsarbeidaren kunne ikkje fatte og begripe at nokon kunne nedprioritere ungdom.

Jobbar. Jobbar. Jobbar. Det er dei tre aller viktigaste tinga for å få utflytta ungdommar tilbake, meiner mange. Og kommunane kastar seg ivrig med på jobb-messer i storbyane. Viktig er det, ingen tvil. Ungdommane svarar at dei må ha attraktive jobbar å gå til skal dei komme tilbake til Sogn og Fjordane.

Samtidig slår det meg kor opptek-

«Då eg var 19, og skikkeleg lei av «bygda», fekk eg ein impulsidé. Eg skulle flytte til Irland for ei stund.»

ne mange er av minna frå heimstaden. Dei snakkar pent om heimbygda si og dei har eit godt forhold til heimkommunen. Difor vurderer dei å vende tilbake. Kanskje desse nettopp er dei som ikkje måtte henge utanfor Esso-stasjonen? Ungdommar som følte at dei fekk eit tilbod, vart tekne i vare og fekk utvikle seg i fellesskap med andre.

Dei små, men viktige opplevingane som å vere med på Ungdommens Kulturmonstring kan bety mykje. Arrangementet som Hyllestad kommune freista å leggje ned for å spare nokre kroner. Kanskje kommunane og politikarane burde tenkje meir på dette? Den langsiktige investeringa i ungdomstiltak, aktivitetar og kulturopplevingar som gjer at du tenker: Her er ein god og trygg plass å bu. Her vil eg gjerne at også mine eigne ungar skal få vekse opp. Om nye 20-30 år. Kanskje Førde vil hauste tilflytting i det lange løp, om Hafstad idrettspark vert sett ut i

livet? Kanskje er små tiltak som å opne Sommarfesten for dei under 18 år er mykje viktigare enn enkelte trur? Opne festen for dei som til no har måtta stått på utsida.

Det er mogleg Høyanger gjorde rett då dei til stor kritikk fleska til med eit stort badanlegg. Kanskje Hyllestad hadde fått svi på lang sikt om dei hadde kutta Ungdommens Kulturmonstring?

Når du bikkar 20, klør det i heile kroppen etter å flytte ut, få oppleve nye ting og studere. Då eg var 19, og skikkeleg lei av «bygda», fekk eg ein impulsidé. Eg skulle flytte til Irland for ei stund. Eg sette meg på flyet til Dublin – aleine. Nøyaktig ei veke etter sat eg på flyet heim att, til ein fortvila paps som trudde eg aldri kom til å reise heimanfrå. Tre år seinare hadde eg reist verda rundt, budd i Australia og tatt bachelor i journalistikk. Eg ville ikkje bytt dette bort mot noko. Men det kjem ei tid då du skal finne roa og få ein jobb.

Det skal seiast at det tek utruleg lang til å venje seg til ein småby som Førde etter fleire år i ein storby «som aldri søv». For Førde søv! Her «stengjer» sentrum klokka 18 kvar dag, kafeen du gjerne ville besøkje på kveldstid eksisterer ikkje, og tal utestader er i realiteten to for dei som er rundt 30 år. Men når det er sagt: Det var godt å komme heim til fylket eg kjenner så godt og har opplevd så mykje i, til familien og venner (som eg heldigvis aldri har måtta hengt utanfor Esso-en saman med).

Men, hadde eg flytta tilbake om minnet mitt var lukta av diesel og bensin frå ein Esso-stasjon? Nepp.

Behovet for å bu i storbyen som «har alt» blir meir og meir borte, sjølv om eg elsker pulserande byar. Eg klarar meg utan storbyen. Men jöss. Hadde det dukka opp ein langopen kafé i Førde, som hadde tallause kaffisortar servert i fancy glas, hadde ikkje eg sagt nei takk!

karin.flolo@firda.no

Breim Bygdeutviklingslag har i vårt arbeid lagt stor vekt på samarbeid med barnehagar og grunnskulen, og på å stimulere elevane til entrepenørskap. Gloppen kommune er også i gang med Inn-på-tunet –prosjekt retta mot grunnskulen. Barnehagebedrifta Teina Hønseri og ungdomsskulebedrifta Natur, kultur og media har begge hevda seg både på fylkes- og nasjonalt plan. Frampeik UB på medielina ved Firda vgs vart nyleg kåra til beste ungdomsbedrifta i fylket, på grunn av allsidig mediaproduksjon, m.a. samarbeid med NRK.

Vi meiner prinsipielt at alle elevar, frå barnehage til vgs, bør vere med i ulike prosjekt tilknytta Naturarven som verdiskapar, med fokus på både læring, opplevingar og næring.

Vi meiner eit slikt prosjekt også bør gje grunnlag for prosjektoppgåver for ungdom under høgare utdanning og sommarjobbar – og stimulere til vidareutvikling av delprosjekt til varige arbeidsplassar og tilbakeflytting.

Tema på den siste Breimstorminga vår i januar var *Klima i endring*, og både på denne samlinga og tidlegare har vi lagt vekt på forskarar og vitskapsfolk som innleiarar. Vi meiner det er viktig at ein som del av utviklingsarbeidet omkring Naturarven i Gloppen både brukar lokal kompetanse og samarbeider med nasjonale forskingsmiljø. Og at barn og ungdom får kunnskap om og mulegheit til å ta del i forskings- og utviklingsprosjekt.

Det trengst også kunnskap når det blir strid om ulike måtar å bruke naturarven på :

FIRDA TIDEND • fredag 5. mars 2010

5

Miljø-Kurt vil slåst mot utbygging av Storelva

■ Fryktar konsekvensane for natur og miljø

■ – Vassdraget er nok utbygd

Kurt Oddekaly har starta kampen mot prosjektet til Breim Kraft AS. – Folk ser ikkje naturverdiane for dei er vekke, seier han.


F.T.: Jan Nik Hansen

Kurt Oddekaly er leiar i Norges Miljøvernforbund. Under leirnamnet Breim Bygdeutviklingslag arrangerte i januar kom han inn på utbyggingprosjektet som han tok klar avstand frå. No har Oddekaly komme med ein uttale til NVE.

Nok utnytta

– Storelva er nok utnytta. Det er fleire kraftverk i vassdraget allerede. Dersom ein skal gjere noko, kan ein heller ruste opp det gamle kraftverket som stod på Fljelo. No er det så få vassdrag att av noko storleik utan inngrep at Storelva må vere i fred, seier Oddekaly. Han meiner det har vore eit altfor stort utbyggingssjutt i fylket.

– Når ein er i Soga og Fjordane tørst og ikkje stogge for å slå iver i frykt for at nokon skal starte ei kraftbygging, seier han i kjent sivil. Kurt Oddekaly meiner folk ikkje ser naturverdiane for det er for seint.



Når det gjeld utlysingsteksten sine formuleringar om at *“Prosjekter med fokus på kombinasjonen natur- og kultur, høsting og fangst er av interesse”*, må det vere “skreddarsydd” for Gloppen/Jølster!

Dei er kjernekommunar innan allsidig landbruk med historisk stor utnytting og hausting også av utmarka. Begge vektlegg kultur. Breim og Hyen har alt samarbeid med Jølster når det gjeld fiske og reiseliv, sidan både Jølstravatnet, Breimsvatnet og Osen-Vestre Hyen er med i det nasjonale pilotprosjektet når det gjeld innlandsfiske/turisme.

Begge er store hjortekommunar med aukande vektlegging på verdiskaping av denne ressursen, og også noko villrein i fjellområda.

Når det gjeld informasjonssamarbeid med kompetansesenter innan naturbruk fylgjer det av det vi har sagt om forskning at det er viktig og sjølsagt. Når det gjeld lokalt ansvar har vi fleire kompetansemiljø, både museum, folkehøgskule med friluftliv som og driv naturbasert turisme, næringshage, kommune, næringsliv med turinstinformasjon osv.

Firda vgs er som kjent i ferd med å bygge opp eit kompetansesenter innan film, og også innan realfag. Dessutan startar skulen eit nytt friluftslivstilbod komande skuleår.

I tråd med vårt prinsipielle utgangspunkt om satsing på ungdom meiner vi det mest spennande og nyskapande ville vere som delprosjekt å bygge opp eit naturinformasjonssenter ved Firda vgs. Det vil vere i tråd med dei politiske målsetjingane om fylkeskommunen som regional utviklingsaktør der dei vidaregåande skulane med personell og elevar har ein kompetanse som til no har vore lite nytta i denne typen næringsutvikling.

For kort frist?

Vi er klar over at ein søknad innan fristen 12.april inneber langt raskare arbeid enn forutsett i kommunestyret sitt vedtak av 1.mars. På den andre sida står det i utlysninga at *"Det er meningen at disse nye prosjektene skal følge programmet resten av perioden (2009-2013). Det legges ikke opp til at det blir flere hovedprosjekter i løpet av programperioden."*(vår utheving)

Det står i kommunestyret sitt vedtak av dei 4 prosjekta er avhengige av finansiering før oppstart, og vi kan ikkje sjå nok meir relevant nasjonalt prosjekt som kan vere med på å skaffe den nødvendige eksterne finansieringa.

Vi trur og vonar det er mogeleg som Gloppen å "hive seg rundt" fordi Agro Business Park (ABP) har hatt ansvar for liknande prosjekt siste åra, med svært vellukka resultat. Jfr oppsummeringsseminaret nyleg. Det er etablert gode nettverk og samarbeidsformer mellom kommune, næringsliv og grunneigarar i samband med dei ulike ABP- prosjekta.

Vi viser her også til saksutgreiing og positiv tilråding til komande formannskapsmøte 25.03 om tilskot til vidare drift av ABP

<http://www.gloppen.kommune.no/innsyn6/wfdocument.aspx?journalpostid=2010002573&dokid=129556&versjon=1&variant=P&ct=RA-PDF>

Kommunane er alt ferdig med ein nødvendig utgreiingsprosessen som for Gloppen sin del alt har resultert i politiske vedtak om satsing på 4 utviklingsprosjekt, og prinsippvedtak om samarbeid med Jølster, jfr ovanfor.

Også bygdelaga har arbeidd med desse tema siste åra. Både Hyen, Sørstranda og Breim som grensar til verneområda har vore med i fylket sitt bygdeutviklingsprogram med hovud- eller delsatsingar innanfor bruk av naturarven. Og arbeider vidare med desse problemstillingane. Vi syner her til det spennande programmet for konferansen "Næring og turisme i verneland" Hyen utviklingslag inviterer til 6.april

<http://gloppen.kommune.no/Artikkel.aspx?AId=7480&back=1&MId1=1&MId2=&MId3=&>

I sbd med oppstart av Naturarven-prosjektet i fjor, var "Kystarv"-kommunane i HAFS av dei 16 områda som av Direktoratet/Miljødepartementet vart spesielt oppmoda om å søke, på bakgrunn av godt utviklingsarbeid over mange år som har vakt nasjonal interesse.

HAFS-kommunane var også av dei 10 som kom med i første pulje i 2009, under overbygninga "Kystarven".

Vi legg til orientering ved deira prosjektsøknad, og vi vil kort kommentere nokre punkt :

Vi meiner at vi på liknande måte som HAFS må søke om midlar til å vidareutvikle prosjekt og tankar vi alt er komne i gang med, på vgs, i bygdene, i kommune og næringsliv gjennom ABP/Næringsshagen, kommunestyret si handsaming av tema for samarbeid med Jølster osv.

Men sjølsagt ut frå vår spesielle naturarv:

Der HAFS legg vekt på sauene, og holmar som fuglereservata, har vi skog, stølstradisjonar rundt kyr og geiter, jakt og lakse- og aurefiske, og nasjonalparkar og landskapsvernområde for fjell og bre, osv.

Kanskje " Naturarven frå fjord til bre" kan vere ein høveleg overbygning for prosjekta i våre indre fjordkommunar der det biologiske mangfaldet og veksttilhøva kanskje varierer meir over kortare område enn nokon andre stader i landet?

Vi ser at HAFS dreg inn barn og ungdom og utdanningssystemet i større eller mindre grad. Vi meiner vi skal gjere det i endå større grad, jfr oppbygging av vgs som kompetansesnetter og ungdom og entrepenørskap, nemnt ovanfor

Sjå t.d. på prosjekt 3, om fagleg kartlegging av kystarven, der HAFS vil engasjere ein person frå fylkesmannen si miljøvernabdeling som prosjektleiar, event ein annan ekstern person. Kvar er då kompetansen når prosjektet er over?

Breim Bygdeutviklingslag meiner Gloppen/Jølster har fagleg sterke nok miljø til prosjektleiing blant dei tilsette i skuleverket, medrekna folkehøgskulen, forsøksringen, fagleg sterke landbruks- og næringsmiljø i begge kommunane på bruk av naturen som verdiskapar, ABP/Næringsshagen,

og nettverka som alle desse har. Så får vi vere flinke til å bruke både fylkesmannen og ulike eksterne kompetansemiljø meir i konsulent-funksjon, enkeltelement.

Då vil vi ha meir "varige verdiar" i form av lokal kompetanse når prosjektperioden er over!

Vi meiner internasjonalisering som i HAFS-søknaden må vere sentralt. Og at elevane må trekkast inn spesielt også der.

Vi meiner også vi skal vere svært tydelege på Naturarven for alle., både ulike interesser og særleg ulike førlegheit (universell utforming).

Også her har vi mykje tidlegare å bygge på, både høg kompetanse hjå personar/miljø i bygdene og kommunane våre. Og utgreingar og tiltak som "Gloppen for alle" osv.

Forvaltningsmodellar for samarbeid, ansvar og bærekraft

Dette er eit punkt der det har opna seg nye mulegheiter siste tida.

Det kan høyrest uhyre teoretisk og "søkt" når Breim Bygdeutviklingslag meiner kommunane skal ta utgangspunkt i tankane og forskinga til fjorårets nobelprisvinnar i økonomi, amerikanske Elinor Ostrom !?

Vi siterer difor i heilskap **kronikken til forskarane Flø og Berge i Nationen 3.11.2009 i sbd med pristildeling** (våre uthevingane/understrekingar):

Den noble allmenning

Kronikk Nationen 3.nov 2009

<http://www.svt.ntnu.no/iss/Erling.Berge/20091103%20Den%20noble%20allmenning.pdf> (med bilete)

<http://www.nationen.no/meninger/Kronikk/article4682403.ece>

Ved årets Nobelpris i økonomi peikar det svenske Kungliga Vetenskapsakademien ut ei ny retning for økonomifaget med klar relevans for praktisk politikk, ein relevans som strekkjer seg langt inn i norske bygdesamfunn og forvaltinga av rurale ressursar.

Ved å gi prisen til den amerikanske statsvitaren Elinor Ostrom, tok ein ikkje berre steget utover skuleøkonomanes rekkjer, ein tok også eit steg vekk frå den **neoliberale økonomiske tenkinga og absoluttismen som pregar dei enkle ideane kring eigedom og ressursforvalting**. Med tverrfaglege perspektiv og omfattande empiriske prov utfordrar Elinor Ostrom den rådande ortodoksien. **I den no klassiske studien «Governing the Commons» frå 1990, set ho punktum for ein 20 år lang debatt utløyst av biologen Garrett Hardin si tese om allmenningens tragedie. Ei tese som har gitt næring til den blinde trua på kor fortrefteleg den private eigedomsretten er og, paradoksalt nok, ei tilsvarande naiv tru på kor naudsunnt og fortrefteleg statleg styring og forvaltning er.**

Ostrom stilte spørsmål ved grunnlaget for denne enkle styringstenkinga og **dokumenterte at verken privatisering eller kollektivisering utan vidare ville fungere bra**. For medan privatisering ser ut til einast å føre med seg meirkostnadar og ineffektiv ressursbruk, slit dei statlege forvaltingsregima med omfattande informasjonsvanskar og svake overvakings- og sanksjoneringsmekanismar.

Ostrom introduserer eit tredje alternativ: Det sjølvstyrte lokale kollektivet. Her til lands kan det best representerast med bygdesamfunnet. Ho syner oss at lokalsamfunna i stor grad har vore i stand til å ta vare på lokale fellesressursar.

Dei beste forvaltingsregima, hevdar Ostrom, i tydinga dei mest berekraftige, finn me der folk som har levd saman lenge, og der ein aktar å halde fram med å leve saman, i fellesskap får kontrollere bruk og vern. Det er her vi finn regima som er best tilpassa ressursen dei er tenkt å forvalte, det er **her vi finn dei mest sofistikerte vedtaks- og handhevingsmekanismar, det er her tilliten og legitimiteten er størst**. Ostrom finn at lokale styringsformer basert på frivillig samarbeid, sjølv mellom konkurrentar, knytt til sameinte spelereglar og praksisar under visse vilkår er meir effektive enn både privat og statleg styring.

Ostrom presiserer at vellukka sjølvstyrte lokale forvaltingskollektiv ikkje kan fungere aleine. Det inngår i samfunnet og **må ha eit mandat og ei ramme frå storsamfunnet for å sikre legitimitet og autoritet** internt i organisasjonen. Ramma må sikre samsvaret mellom storsamfunnets verdiar og lokale styringsprosedyrar. **Det sjølvstyrte lokale kollektivet treng reell rett til å lage reglar, til å overvake ressursbruken og til å sanksjonere dei som bryt dei lokale forvaltingsreglar. Vidare lyt det vere samsvar mellom ressursgrensene og styringsorganisasjonen.**

Der ressursen strekkjer seg over fleire bygdesamfunn må den lokale styringsorganisasjonen byggjast opp føderalt. **Ostrom gjer eit poeng ut av prinsippet om at det må vere samsvar mellom kva den einskilde yter til forvaltinga og det ein får att. Når grunneigarar og lokalbefolkning opplever einast ulemper ved nasjonalparken, verdsarvområdet eller dyrelivsfredinga, reagerar dei forståeleg nok negativt.**

Her til lands er det fyrst og fremst stats- og bygdeallmenningen ein tenkjer på når ein snakkar om allmenningar. Vi finn også eit samsvar mellom slik det var tenkt kring reformene i allmenningslovene på 1850-talet og Ostrom si tenking om det sjølvstyrte lokale kollektivet. Fyrst på 1800-talet, etter fleire år med rovhogst i skogen, spekulerte nemleg embetsverket på korleis ein skulle kome seg ut av uføret ein var hamna i. Løysinga dei kom opp med var den same som dagens ideologi tilrår - privatisering - men heller ikkje då verka det. I 1857 og 1863 tok Stortinget to vellukka grep. Dei gav klare rammer for avgjerdsprosedyrane for dei som hadde rett i allmenningane, og dei introduserte eit tydeleg skilje mellom grunneigaren sine rettar og allmenningsretten. Allmenningsinstituttet vart tufta på ideen sjølvstyrte lokale forvaltingskollektiv.

Vi treng å tenke gjennom kva vi kan lære av Ostrom. Vi treng å tenke gjennom kva vi kan lære av det norske allmenningsinstituttet. Vi treng å revitalisere allmenningen og å ta i bruk lærdomen og kunnskapen i forvaltinga av dei mange nye allmenningane vi er i ferd med å utforme. **Kva kan Ostrom og allmenningsinstituttet fortelje oss om forvaltinga av strandsona, nasjonalparkane, landskapsvernområda, verdsarvområda, jaktvalda, rovdyrområda, finnmarksallmenningen, elvane og dei lakseoppdrettsfrie fjordane?**

Dei klassiske norske allmenningane har fungert godt, derfor har også forskinga på allmenningane vore beskjeden. Det er ikkje ei prioritert oppgåve for norsk forskning å finne ut kvifor ting verkar, men for den som ønskjer betre ressursforvaltning er det ikkje berre viktig, men essensielt. Ostrom ville ikkje fått nobelprisen om ho ikkje hadde kunna dokumentere ut over all rimeleg tvil at allmenningar både i Sveits og Spania har eksistert som velfungerande lokal forvaltingskollektiv i snart 1000 år. Dette er også ein del av den respekten for empirisk kunnskap som Nobelprisen peikar på. I over 40 år har Ostrom og hennar kollegaer lagt fram empiriske prov på at under dei rette føresetnadane er vanlege folk fullt ut i stand til å ta vare på ressursar til fellesskapets beste. Ho har gjort debatten om ressursforvaltning til noko meir enn partielle resonnement innan teoretiske modellar på økonomen sitt skrivebord. Ho har observert kva som skjer i den verkelege verda.

Dette bør etter vårt syn vere ein inspirasjon for vår heimlege praksis. Heilt sidan den første nasjonalparken vart oppretta har det vore strid om kva rolle grunneigarar, bygdefolk og lokalsamfunn skal ha i høve til det statlege byråkratiet. I dag kan det sjå ut til at byråkratiet er sikrare enn nokon gong på at lokalsamfunnet bør ha minst mogleg innverknad. Kvifor trur dei det? Kva er empirien? Kva ville resultatet vore om ein tok lærdom av Ostrom eller av prinsippa bak dei tidlege allmenningslovene her i landet? Ville det vore betre eller dårlegare, og kven ville i så fall fått det dårlegare?

Bjørn Egil Flø, forskar, Norsk senter for bygdeforskning

Erling Berge, professor, NTNU

Vi meiner at Gloppen/Jølster i sin prosjektsøknad skal ha eit stort delprosjekt som går på å ta utfordringa som forskarane stiller avslutningsvis:

"Kva ville resultatet vore om ein tok lærdom av Ostrom eller av prinsippa bak dei tidlege allmenningslovene her i landet?"

Vi har sett raskt gjennom noko av Ostrom si forskning, og meiner at t.d. Torgny Ueland sitt kommune/fylkesprosjekt om *Forvaltning og skjøtsel av stølar (1998)* mykje bygger på same prinsippa som Ostrom/Flø/Berge framhevar.

Både Ostrum og Ueland si grunnhaldning er at tilhøve i det enkelte økossystemet er ulike, folk har delt og deler og ynskjer framleis å dele ressursgrunnlaget i økosystemet - og ein må gje folk nødvendig spelerom til gjennom prøving og feiling å finn fram til bærekraftig forvaltningsprinsipp for almenningen/Naturaraven. Og akseptere at løysingane vert ulike.

Er ikkje dette demokratiet si kjerne, opplæring sitt sjølsagt hovudmål; frå strid og usemje til samarbeid og gjensidig respekt, frå det lokale som ringar i vatnet til det regionale, nasjonale og globale?

Lars Reinton skriv avslutningsvis i Sæterbrukets historie (bd. III 1961:524) om korleis grannesamfunnet vart oppløyst ved utskiftningane

- men også korleis det livsnødvendige samarbeidet om utnytting av fellesressursane, almenningen, sæter- og fjellområda framleis batt folk saman, ja, endåtil "striden skapte samarbeid", også på andre sosiale arenaer, og utover det enkelte sæter- og bygdalaget.

Korleis kan noverande strid om "bruk og vern" av Naturarven i det 21.hundreåret skape det nødvendige samarbeidet for å sikre "Vår felles framtid"? Skape "...empiriske prov på at under dei rette føresetnadane er vanlege folk fullt ut i stand til å ta vare på ressursar til fellesskapets beste". Oppretthalde biodiversiteten, naturarven og bærekrafta - som vel er det felles målet både for lokalsamfunn og nasjonal miljøforvaltning?

Som forskarane Flø og Berge er inne på i sin kronikk er dagens statlege miljøforvaltning ikkje i tråd med Ostrom sine nobelvinnande forvaltningsprinsipp. Men ifylgje avisa Nationen 22.3. er det no klårt politisk fleirtal for ein omfattande gjennomgang og oppmjuking av den rigide statsstyringa:

<http://www.nationen.no/nyhet/article5035746.ece>

Vil se på mer enn veimåling

Ap vil stortingsbehandle hele statens omstridte måleverktøy for inngrepsfri natur, ikke bare når når det gjelder skogsveier.

Verktøyet legger ifølge Høyre opp til at 70 prosent av Norge må vernes.

Dermed imøtekommer regjeringspartiet Høyres ønske om å få den omstridte målemetoden for inngrepsfri natur gransket av de folkevalgte.

Før jul foreslo et knippe Høyre-representanter å be regjeringen fremme en sak om INON – «Inngrepsfrie naturområder i Norge» – for Stortinget.

Tidligere har Sp forlangt en gjennomgang. Nå tar også Arbeiderpartiet til orde for det samme

Ein føresetnad vil vere at ein trekker inn forskarar i dette arbeidet, som t.d. Flø og Berge og deira norske forskningsmiljø. Men vi trur dette vil vere såpass spennande også for dei at det er mogeleg å få til!

Oppsummering – kommunane som utviklingsaktørar

Breim Bygdeutviklingslag meiner ut frå momenta ovanfor at det vil vere mogeleg, nødvendig og spennande for Gloppen/Jølster å søke om deltaking i det nasjonale prosjektet ”Naturarven som verdiskapar”.

Ikkje minst for å gje ungdommane våre inspirasjon og framtidstru!

Breim Bygdeutviklingslag vil understreke at momenta ovanfor er meint som ei rask ideskisse ut frå dei tema som har vore sentrale i vårt bygdeutviklingsarbeid. Og at ein sjølsagt må gjere eit val mellom tema og prosjekt vi og andre i Gloppen/Jølster ynskjer arbeide vidare med.

Men ut frå den knappe tida som er til rådvelde meiner vi ein i søknaden må konsentrere seg om tema ein både har opparbeidd ein viss kompetanse på og forankra i bygdene, organisasjonane og dei politiske organa.

Jfr vedtaket i kommunestyret i Gloppen om tema for samarbeid med Jølster og saksutgreiinga til komande formannskapsmøte om kva tema og prosjekt ABP har arbeidd med siste åra og kva som vil vere naturleg vidareutvikling av desse.

Breim Bygdeutviklingslag ynskjer å vere med på arbeidet med meir konkret utforming av innhaldet i ein (inter-)kommunal søknad og gjennomføring av prosjekta dersom kommunen/ane prinsipielt går inn for å søke.

Vi ber om rask handsaming og tilbakemelding.

Med helsing

Breim Bygdeutviklingslag

Reiel Felde

(leiar)

Ola Bergheim

(skrivar)